



Veke 25: Presidentskifte 21.06.2023

16 medlemmer og 4 gjester var til stades under det verdige presidentskiftet i huset til Langesund og Omegns Sjømannsforening i Kongshavn. Avtroppande president Anne Wiik Stamsø opna møtet med å fortelje at Edrund Olaisen har fødselsdag 29. juni.

Anne fortalde at ho hadde opplevd presidentåret som lærerikt. Ho takka for det gode samarbeidet med styret og dei ulike komiteane – alle har gjort sitt for å gjennomføre alle dei sakene som klubben vår brenn for.

Under ein liten seremoni overrekte Anne presidentkjeda og presidentnåla til den påtroppande presidenten, Kjersti Martinsen, og ønskte henne lykke til.

Kjersti festa så Past President-nåla på Anne. Kjersti takka Anne for innsatsen hennar og understreka kor godt ho hadde fylt

presidentrolla, med støleing og godt program. Kjersti sa ho skalv litt, med glede seg til året som står framfor henne. Ho las eit dikt av Åse Gulbrandsen, som ho også tidlegare har gitt uttrykk for at ho set pris på. Diktet, som er frå boka *Et naturlig valg* og heiter «Om morgenen», skal her oppfattast som ein allegori over det å overta som president.

Om morgenen
ved teppefall, når lyset våkner
trekker stjernene seg tilbake

Amatørene ankommer
med innøvde replikker

Du spiller din rolle og jeg min

En ny premiere er i gang

Før maten delte Perry Sævik nokre fine refleksjonar med oss over det å vere *ekte rotarianar, rotarianar, medlem og passiv medlem*. Han understreka at «vi er medlemmer med forskjellige forutsetninge eller muligheter til å yte ... Det er sannsynligvis en grunn til at et medlem som ikke syns, fortsetter å være medlem. La oss vise at vi setter pris på det og er venn også i dette medlemmets situasjon».

Så kunne vi nyte nokre flotte smørbrød frå Bobben rett borti gata. Her var det rikeleg med reker, roastbiff og kvitost. Det heile blei avslutta ved at Perry atter fekk ordet og delte ein limerick med oss.

There was a young lady of Niger
she smiled when she rode on a tiger
they came back from the ride
with the lady inside
and the smile on the face of the tiger

Langesund, 28. juni 2023, Rolf Theil.

